# Møteprotokoll

**Utval:** **Stølsheimen verneområdestyre**
**Møtestad:** Voss Kulturhus, Voss
**Dato:** 08.01.2014
**Tidspunkt:** 10:00 – 11:30

**Følgjande faste medlemmar møtte**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Marta Finden Halset | Leder | VIK |
| Oddvar Østerbø | Medlem | HØY |

**Følgjande medlemmar meldte forfall**:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|---|---|---|
| Karen Marie Hjelmeseter | MEDL | SFFK |
| Hans Erik Ringkjøb | NESTL | VOSS |
| Knut Moe | MEDL | MODA |
| Silje Hjemdal | MEDL | HOFK |

**Følgjande varamedlemmar møtte:**

| Namn | Møtte for | Representerer |
|---|---|---|
| Liv Anne Aanesen | Knut Moe | MODA |
| Henrik Oppen | Karen Marie Hjelmeseter | SFFK |
| Alexander Fosse Andersen | Silje Hjemdal | HOFK |

**Merknadar**

Dette møtet vart flytta frå 4. desember 2013 til 8. januar 2014. Gjennomgang av forvaltningsplanen er tatt ut av saklista på dette møtet.

**Frå administrasjonen møtte**:

| Namn | Stilling |
|---|---|
| Anbjørg Nornes | Sekretær |

**Andre:**

Kristoffer Ullern Hansen — Statens naturoppsyn
Nils Kvamme — Naturoppsyn, Stølsheimen

**Underskrift:**

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

____________________ ____________________ ____________________

## Saksliste

| Utvals-saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv-saksnr |
|---|---|---|---|
| ST 1/14 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 2/14 | Underskrift av protokoll frå forige møte | | |
| ST 3/14 | Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan for 2014 og 2015 | | 2013/4892 |
| RS 1/14 | Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2014 | | 2014/46 |

**Synspunkt frå reiselivet på kva verdi Stølsheimen har for reiselivet**
I samband med arbeidet med forvaltingsplan for Stølsheimen landskapsvernområde, var destinasjonsselskapa Destinasjon Voss og Visit Sognefjord invitert til møtet for å koma med synspunkt på kva verdi dei meiner Stølsheimen har for reiselivet. Visit Sognefjord kunne ikkje delta på møtet denne gongen. Gry Bystøl frå Destinasjon Voss deltok på møtet, og kom med mange gode innspel til styret. Ho meinte Stølsheimen har stort potensiale i reiselivssamanheng, spesielt med tanke på vandreturisme. Det er særleg vandring på barmark, men både på Voss og i Vik er det ynskje om å leggja til rette for langrennsløype for ski om sommaren på Vikafjellet.

Området må gjerast meir kjent, og informasjonen bør vera tilgjengeleg for gjester når dei planlegg ferieturen. Informasjonen om verneområdet bør leggjast ut på eksisterande nettsider, som t.d. Visit Voss, Visit Sognefjord og DNT. Parkeringsplassar ved innfallsportane til Stølsheimen, og tilgang på offentleg transport er viktig ved tilrettelegging for vandreturisme.

**RS 1/14**
Sekretær la fram budsjett for drift av styret for 2014. Styret hadde ein merknad til budsjettet; Det bør budsjetterast med 3 timar pr. styremøte. Sekretær legg endringa inn i budsjettet. Budsjettet vert sendt vidare til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, som sender vidare til miljødirektoratet.

**Møte med Klima- og miljødepartementet**
Styret vil be om eit møte med Klima- og miljødepartementet for å avklara rollene til verneområdestyret, og ta opp saka om vassdragsregulering i Breidalselva i Ortnevik. Leiar tek kontakt med departementet for å be om møte. Leiar og nestleiar deltek dersom det vert høve til å møta departementet.

**Plan for neste møte i Stølsheimen verneområdestyre**
12. februar (kan vurderast som telefonmøte) og 19. mars 2014.

## ST 1/14 Godkjenning av innkalling og dagsorden

### Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 08.01.2014

**Vedtak**

Innkalling og dagsorden vart godkjent.

# ST 2/14 Underskrift av protokoll frå forige møte

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 08.01.2014

**Vedtak**

Protokoll for styremøte 17.09.2013 vart underskriven.

# ST 3/14 Stølsheimen landskapsvernområde - Tiltaksplan for 2014 og 2015

## Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 04.12.2013

### Handsaming i møte

Naturoppsyn Nils Kvamme orienterte om gjennomførte tiltak i 2013. Tiltaksplan for 2014 og 2015 vart lagt fram av sekretær. Verneområdestyret gjekk gjennom alle tiltaka i planen.

Framlegg til vedtak:
Stølsheimen verneområdestyre godkjenner tiltaksplan med endringar som kom fram i møtet. Planen er grunnlagsdokument for bestillingsdialogen for 2014. Endeleg prioritering av tiltak vert gjort etter tiltaksmidlane er tildelt.

Tiltaksplan for Stølsheimen landskapsvernområde 2014 – 2015:

| Verneområde | Tiltak | Pri. | Gjennomføring | Intervall | Kostnad |
|---|---|---|---|---|---|
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kartlegging rovfuglar og våtmarksfuglar | | SNO | Årleg | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kartlegga artsmangfald på prioriterte stølar | | SNO | 2014-2015 | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Overvåking spreiing av gran i Finnafjorden, Ortnevik og Arnafjorden | | SNO | årleg | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar | 1 | SNO/ gr.eigar | 2014-2015 | 60 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Vidareføring tilrettelegging av sti til Solrenningane | 2 | Bergen tulag/SNO | 2014-2015 | 200 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Restaurering av stølshus som del av stølsmiljø | 3 | Gr.eigar | 2014-2015 | 40 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kart og informasjon innfallsportar | 4 | SNO/ Forvaltar | 2014-2015 | 20 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Tenestekjøp SNO | 5 | SNO | 2014-2015 | 250 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | MONA-registrering av stølsvegar | 6 | SNO/ Forvaltar | 2014 | 50 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Tiltak sti/bru til Torvedalen | 7 | Voss utferdslag | 2015 | |

## Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre godkjenner tiltaksplan med endringar som kom fram i møtet. Planen er grunnlagsdokument for bestillingsdialogen for 2014. Endeleg prioritering av tiltak vert gjort etter tiltaksmidlane er tildelt.

Tiltaksplan for Stølsheimen landskapsvernområde 2014 – 2015:

| Verneområde | Tiltak | Pri. | Gjennomføring | Intervall | Kostnad |
|---|---|---|---|---|---|
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kartlegging rovfuglar og våtmarksfuglar | | SNO | Årleg | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kartlegga artsmangfald på prioriterte stølar | | SNO | 2014-2015 | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Overvåking spreiing av gran i Finnafjorden, Ortnevik og Arnafjorden | | SNO | årleg | |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Skjøtsel av prioriterte stølar og stølsvegar | 1 | SNO/ gr.eigar | 2014-2015 | 60 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Vidareføring tilrettelegging av sti til Solrenningane | 2 | Bergen tulag/SNO | 2014-2015 | 200 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Restaurering av stølshus som del av stølsmiljø | 3 | Gr.eigar | 2014-2015 | 40 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Kart og informasjon innfallsportar | 4 | SNO/ Forvaltar | 2014-2015 | 20 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Tenestekjøp SNO | 5 | SNO | 2014-2015 | 250 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | MONA-registrering av stølsvegar | 6 | SNO/ Forvaltar | 2014 | 50 000 |
| Stølsheimen landskapsvernområde | Tiltak sti/bru til Torvedalen | 7 | Voss utferdslag | 2015 | |

## RS 1/14 Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om midler til drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer for 2014